

ORDNING FOR

Vigsling til andre tenester

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

Orientering

1. Denne ordninga kan brukast ved vigsling til tenester i kyrkjelyd og kyrkje, ulike typar stillingar eller frivillig teneste over ei viss tid.
2. Vigslinga går føre seg i ei gudsteneste i kyrkjelyden.
3. **L** liturg, og leiar av vigslinga, er pastor eller eldste i kyrkjelyden og ein av tilsynsmennene for medarbeidaren sentralt eller regionalt. **L** og den eller dei som skal vigslast **V**, og dei som assisterer ved handlinga, tek plass fremst i kyrkja når handlinga tek til.
4. *Kursivering* vil seia at liturgen skal tilpassa orda til den aktuelle situasjonen med omsyn til kjønn og tal, for eksempel han / ho, han / henne, det / dei / osv.
5. Salmar: Lovsogar til Gud som skapar, Kristus som frelsar og Den heilage ande som rettleiar, bønerop, lovprisingsvers, forkynnande songar og åndelege viser. Desse vert fyrst og fremst framført av kyrkjelyden i fellesskap, men kan òg bli sunge av kor/korgrupper, solistar o.a. Salmen skal understreka den bibelske karakteren i den kyrkjelege handlinga og hjelpe dei frammøtte i å tru Guds ord og vilje..

1 Salme

Handlinga tek til med ein passande salme/ song. Dei som skal ta del, tek plass framme.

2 Presentasjon og bøn

Her kan ein seia:

L Kjære kyrkjelyd.

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

L Ein ny arbeidar i kyrkja vår vert i dag framstilt for dykk. Kyrkjelyden har kalla (namn) til teneste som.....

Den som skal vigslast, reiser seg når namnet vert nemnt.

L I dag skal *denne medarbeidaren* vigslast til teneste under handspålegging og bøn.

Her kan ein be:

L Lat oss be.

Evige, miskunnsame Gud, du har kalla oss til å tena deg i denne verda med dei gåvene du gjev kvar einskild. Du har kalla oss til å vera lys og salt og til å leva eit liv etter det førebiletet du sjølv gav, du som kom og var ein tenar mellom oss.

Vi bed for *hennelhan* som nå skal vigslast til teneste som.....

Styrk *hennelhan* ved din Ande og kraft, så *holhan* kan tena deg med glede og vera tru mot sanninga i kjærleik. Hjelp *hennelhan* til å leva verdig det kallet *holhan* har fått, og gjev du frukt av gjerninga *hennar/hans*, deg til pris og ære.

Den som skal vigslast, set seg.

3 Skriftlesing

L Lat oss høyra kva Guds ord seier om kallet til tenesta.

To av følgjande tekstar vert lese av dei som assisterer.

L Det står skrive i

- a) Matt 9,35-38
- b) 1 Pet 2,9-10
- c) 1 Kor 12,4-12
- d) 1 Kor 12,27
- e) 2 Kor 5,14- 20
- f) Rom 12,6 -17

Liturgen avsluttar skriftlesingane med:

Slik lyder Herrens ord.

4 Vigslingstale

Den som leier handlinga, held ein kort tale over ein passende tekst, gjerne ein av dei som er lese.

Etter talen går den som skal vigslast, fram. Dei som assisterer, reiser seg.

5 Formaning og påminning

L Jesus har lova å vera med tenarane sine alle dagar så lenge verda står. Han kallar dei til å forkynna Ordet klart og reint, søkja hans rike først og leva slik at trua verkar til kjærlege gjerningar.

L Når Herren no tiltrur *deg* ei teneste som, pålegg og formanar eg *deg*

– at du i all di gjerning er trufast mot Guds ord og Hans vilje

- at *du* viser Kristi omsorg for livet og velferda til nesten din,
- at *du* skjøttar gjerninga di med truskap og held ut,
- og at *du* sjølv legg vinn på å leva i bøn og studium av Guds heilage ord, så Gud alltid får leida deg slik han vil.

(Namn), lovar *du* for Guds åsyn og i nærvær av denne kyrkjelyden at *du* vil gjera dette med truskap, ved den nåden som han vil gje *deg*?

I Ja

L Så gjev meg handa på det.

Den som vert innsett, stadfestar lovnaden med handslaget.

6 Handspålegging og bøn

L Vi vil nå be om at Gud ved sin Ande må helga og utrusta *deg* til tenesta.

Den som skal vigslast knelar. Dei som deltek i forbøna, legg handa på hovudet hennar/hans og bed ei kort bøn kvar. Liturgen avsluttar med bøn, for eksempel:

L Miskunnsame Gud, himmelske Far. Vi takkar deg for den tenaren du har gjeve oss i *hennelhan* som her knelar for ditt åsyn. Send *hennelhan* din Ande med gåver til tenesta, så *holhan* kan bli ein rett og god tenar. Gjev at *holhan* kan utføra tenesta si med frimod, kjærleik og truskap. Gjev *hennelhan* visdom og klokskap til å forvalta oppdraget *holhan* har fått. Ver med *hennelhan* i motgang og prøvingar, gjer *hennelhan* tolmodig og audmjuk og hjelp *hennelhan* til å lita på deg under alle forhold. Gjev *hennelhan* å tena deg slik at trua vert styrkt og menneske får hjelp av den gjerninga *holhan* skal gjera.

A Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen.

Den som er vigsla, reiser seg.

7 Formaning til kyrkjelyden

L Kjære kyrkjelyd.

Tak imot (namn) i kjærleik og be for tenesta. *hennar/hans*.

10 Salme